
Brenteverket på Ekset
og mannen
som skipa det.



*Jeg taaler at bedømmes
Men aldrig vil berømmes.
Jeg er kun Bondemand,
Der stræber for at gavne,
Men ei for Rang og Navne
Arbejder for min Stand.*

Sivet Aarflot

Prenteverket på Ekset — det første på landsbygda i Noreg — kunne i 1959 høgtide 150-års jubileum. Og til dette sjeldsynte jubileet fekk vi her på Ekset reist eit eldtrygt hus til det gamle trykkeriinventaret som er teke vare på frå den første tida.

Han som skipa dette prenteverket, heitte Sivert Knutsen Aarflot. Far hans, Knut Pedersen, var frå Follestaddalen i Ørsta, og mor hans Berte Akselsdotter var frå Barstad i Ørsta. — Faren bygsla i 1756 ein liten gardpart av Aarflot i Ørsta, i daglegtale kalla Støylen, fordi der tidlegare hadde vore sæterstøyl. Garden var enno udyrka, og gav berre knapp levemåte for huslyden. — Her vart Sivert fødd den 23. oktober 1759, og måtte alt tidleg hjelpe til med alt førefallande arbeid på garden. Han fortel om seg sjølv at han som 7-åring først fekk ei ABC-bok, og så ein «omgående skoleholder i 4 dage». Sidan fekk han opplæring av mor si, og fekk ei katekisme, — og så neste sommar atter ein «skoleholders undervisning» i 6 dagar heime hjå foreldra og 8 dagar på ein grannegard. — Då han var 9 år gamal, skulle han ta til med å «tegne bokstaver og skrive», og til det hadde han ein «skoleholder» i 4 dagar. «Og hermed var min skolegangs tid forbi», fortel han sjølv. Altså alt i alt berre 22 dagars skulegang. — Men han var ein gløgg gut, som på eiga hand heldt fram med å samle seg kunnskap. — «Egen lyst virkede —», seier han.

16 år gamal las han til konfirmasjon hjå dåverande personal-kapellan Claus Frimann. — Presten i Volda då, den kjende Hans Strøm, som hadde konfirmantane i kunnskapsprøve, merka kva evner som budde i guten, og ville ha honom til skulelærer, — noko han også vart, berre 19 år gamal, og som han dreiv med i 15 år.

På landsbygda fanst det få eller inkje bøker på den tid, med undantank av nokre huspostillar, og hendelsesvis ein bibel. — Men Sivert Aarflot var ikkje nøgd med berre dette. Og i tida si som skulelærer fekk han høve til å skaffe seg fleire lærebøker om ymse emne. Det vart ei heil mengd av desse til slutt, og for at flest råd var skulle få del i den lærdom ein fann der, gav han i 1797 bøkene sine til eit fritt lånebibliotek for ålmenta, først for Ørsta sokn, seinare utvida til å gjelde heile Volda herad.

I 1798 vart han tilsett som lensmann i Volda skipreide, og måtte då få seg bustad litt meir sentralt. Kapteinsgarden Ekset i Volda var då til sals, og med lån frå Claus Frimann, som då var vorten prest i Davik, kjøpte Sivert Ekset og flytte dit i 1800. Der vart han også postopnar frå 1805; «da jeg beboede et bekvemt sted.» — Men utan løn.

Nytten av høveleg rettleiing for bygdefolket, og vanskane dei hadde for rett å skjønne dei ofte vidlyftige skriftene som var å få, gjorde at han sjølv tok til å skrive nokre små enkle avhandlingar, som han så prøvde å få prenta. Men då måtte det sendast anten til Bergen, Trondheim e. l., og dette vart både dyrt og tungvint. Ofte fekk han manuskriptet i retur fordi han ikkje hadde pengar å betale med. — Dette var bakgrunnen til at han sette seg føre å starte sitt eige prenteverk på Ekset. — Men heller ikkje dette var så beinkløyvt. Kongen i København var varsam med å gje slike løyve. — Men Sivert Aarflot hadde gode kort på handa.

Han fortel ope og ærleg korleis tilstandane var, og reknar opp ei lang liste som han har liggjande ferdig til prenting. Og dessutan hadde han skaffa seg tilråding frå fut og amtmann.

Søknaden hans om å få starte prenteverk på Ekset vart skriven 22. desember 1807, og kongeløyvet kom 15. juli 1808. — Det kan nemnast at på den tid fanst det berre e i t t prenteverk i Christiania, og dessutan i byane Kristiansand, Bergen og Trondheim. — Det var det heile. Volda vart fyrste bygda i Noreg som fekk prenteverk.

Og i 1809 hadde han så fått prenteverket i gang, med ein boktrykkarsvein, Andreas Steen, frå Trondheim til hjelp i den fyrste tida. Det vart installert i ei lita røykstove, som stod så vidt langt frå dei andre husa på garden at det gjekk fri den fæle branden i 1844 som la 7 av husa på Ekset i oske.

Alt frå først den av tok han til med utgjeving av blad. Første nummeret av «Norsk Landboeblad» kom 2. januar 1810 og gjekk i 7. årgangar. I høve til storleiken hadde det eit både allsidig og vektig innhald. — Sidan den tid har det, berre med stutte avbrot, kome ut aviser frå prenteverket, som heldt til på Ekset heilt fram til 1935, då det vart flytt inn på Øyralandet, og der bladet i dag heiter «Møre».

Det var ikkje rare greiene dei hadde å hjelpast med i den første tida. Alt utstyret til det nystarta prenteverket var heimelaga, — berre sjølv typene var innkjøpte. — Pressa, eit eikebrett med trerame, trekilar og rullar, var ikkje så lett å bruke slik at ein fekk pent trykk. Mykje betre vart det med dette, då dei i 1824 fekk ei skrupresse. Ho vart nytta heilt fram til 1902, og er for så vidt fullt brukbar den dag i dag.

Avisene i denne første tida hadde merkeleg mykje biletstoff. Dei skar nemleg klisjear i tre, — klisjear av fuglar og dyr, kart m. m., og det er mykje som tyder på, seier fagfolk, at Sivert Aarflot var landets første xylograf. (D.v.s. ein som med eit spisst reiskap rissar figurar i hardt tre, — endeved).

Men opplysningsarbeidet sitt dreiv han ikkje berre gjennom blad og skrifter. Han tok også til med å lære opp ungdomen ved skulegang, med di han så tidleg som i 1803 starta ein sundagsskule, som han kalla det, avdi skulen måtte haldast om sundagane for ikkje å ta ungdomen bort frå arbeidet. (Dei fekk halde til i sakristiet i kyrkja, etter at gudstenesta var ferdig). — Men det var ikkje ein sundagsskule ut frå den tolking vi i dag legg i ordet. Fagkrinsen var alt for vidfemnande til det. — Ser ein på den plan som var lagd for denne skulen, så finn ein, forutan sjølv sagt lesing, skrivning, rekning og bibelkunnskap, også geografi, kartteikning, verds-, kyrkje- og Noregssoge, astronomi, naturfag — med freistnad på å teikne alle dyr inntil insekt og ormar, — reglar for forbetring av husdyrhaldet, om urter og blommar, hagedyrking og mineralriket m. m.

Skal tru om ikkje dette må vere første opptaket til det som har skapt skulestaden Volda?

Denne skulen vart seinare overteken av Sokneselskapet — Sogneselskapet for Voldens prestegjelds Vel — eit underselskap av Selskapet for Norges Vel —. Det var Sivert Aarflot som starta

også dette Sokneselskapet i 1811, og som hadde som si fremste oppgave i å rettleie bygdefolket så dei kunne verte mest mogleg føre til å utføre yrket sitt.

Forutan å vere gardbrukar, bladutgjevar, lensmann, postopnar og seksjonssjef*), vart Sivert Aarflot også mykje nytta i mange andre offentlege ombod, m.a. som utskiftningsmann. Og bygdefolket søkte alltid råd og rettleiing hjå han ved skriving av skjøte og andre dokument. Han hadde difor utan tvil meir å gjere enn vel var.

Han døydde 14. april 1817 — berre omlag 58 år gamal. Men han skriv sjølv at dersom eit menneske sin levealder skal vurderast ut frå kva vedkomande har fått utført, så ville han vere ein gamal mann. «Skal ideligt Arbeide, megen Vaagen og Tankers Anstrængelse kunne forkorte Menneskelegemets Varighed, da maae jeg ikke gjøre mig Regning på lang Levetid tilbage. Imidlertid har jeg dog den Tilfredshed: at have levet ligesaa længe som manges 70 a 80 Aars Olding. Thi den Tid Mennesket lader bortgaae under unødvendig Søvn, Uvirksomhed og Velferds fortærende Adspredelser, kan man ansee som man ei havde levet.»

Sivert Aarflot vart mykje påskyna av styresmaktene for opplysningsarbeidet sitt. I 1800 fekk han av det kgl. danske landhusholdningsselskap gullmedalja: «Den fortjente til ære», og i 1803 av kong Christian den 7de den store gullmedalja: «For ædel daad.» I 1809 vart han utnemnd til Dannebrogsmann, — den høgste utmerking nokon kunne få, — tilsvarar den norske St. Olavs orden.

Liste over blad som har vore trykte på Ekset:

«Norsk Landboeblad» 1810 — 1817.

«Ugebladet» 1817 — 1819.

«Den lille månedsavis» 1820 — 1823 + 1 årgang i 1831.

«Landboeavisen» 1832 — 1845.

«Postbudet» 1845 — 1868.

Dessutan i åra 1848 — 1855 «Norsk Landbrugstidende».

«Møringen» 1869 — 1874.

Etter at «Møringen» gjekk inn fekk Rasmus Steinsvik trykt bladet «Vestmannen».

«Ugebladet» 1888 — 1902.

«Møre» 1902 —

Frå 1889 vart her også trykt målbladet «Stille Stunder», utgjeve av prost Johannes A. Barstad. Frå 1907 vart også presten Peter Hognestad og skulestyrar Henrik Kårstad med i bladstyret.

Bladet «Upp og Fram», organ for Sunnmøre krins av Kristelige Ungdomsforening, var trykt her frå 1903 til 1908.

*) «1801 blev jeg af Øvrigheden beskikket til Anfører for et frit Almue bevæbnet Corps af 600 vaabendyktige ældre og yngre Mandskaber og siden med Navn af Sectionschef for et Kystverns District, alt uden minste Gage.»